


Årsmelding for Ålhus sokneråd 2020



Ålhus sokneråd frå oktober 2019 – oktober 2023

Medlemer:

Marta Fimreite
Reidun Gravdal Nedrebø
Nina Årset Solheim
Ellinor Østenstad
Merete Oline Helgheim
Aud Anny Tveit Solheimsnes
Sokneprest: Silje Sørebo

Varamedlemer:

Irene Muren Knapstad
Arvid Tveit
Einar Helge Hansen
Laila Kristine Avedal Støfring
Magne Kristian Kvinge

Varat: prost Reidar Knapstad. Frå
20.august prost Knut Magne Nesse

Leiar :

Nestleiar :

Medlemer til Sunnfjord
kyrkjelege fellesråd:

Vassenden kyrkjesenter

Marta Fimreite

Nina Årset Solheim

Merete Oline Helgheim. Ålhus sokn,
vara: Marta Fimreite
Astrid Aardalsbakke Feldt. Helgheim sokn
vara: Hildegunn Huus
Arvid Tveit frå soknerådet
Sverre Gjesdal frå kyrkjelyden

RÅDET SITT ARBEID

I 2020 har Ålhus sokneråd handsama 41 protokollførde saker. I tillegg 45 saker i felles soknerådsmøte, Ålhus - og Helgheim sokn. Begge sokna er positive på å ha fellesmøte.

Av saker i 2020 nemner vi:

- Fasteaksjon, digitalt, Kirkens Nødhjelp
- Vedtak om ny liturgi frå 01.01.2021, lokal grunnordning for gudstenesta
- Soknemøte angående ny liturgi
- Plan for smittevern
- Gudstenesteplan
- Logo for trusopplæringa
- Uttale ved tilsetjing av ny prost i Sunnfjord prosti
- Venskapskyrkjelyd i Tsjekkia
- Nytt misjonsprosjekt. Normisjon sitt arbeid i India. Prosjekt som heiter «Steinknusernes rettigheter»
- Minnegåve, benk på Vassenden gravplass
- Vassenden kyrkjesenter frå stifting til foreining. Vedteke ordning, vedtekter

Faste saker kvart år: årsmelding, rekneskap, møte- og gudsteneste planer, budsjett, offertildeling, fasteaksjon, 50- årskonfirmantjubileum, søknader om støtte, løyvingar, val av leiar m.m..

Det har i år ikkje vore soknemøte ang årsmelding 2019. Eksemplar av meldinga vart lagd ut i begge kyrkjene. I tillegg lagd ut digitalt.

ARBEIDET I SOKNET

Gudstenester og tidebøner

2020 har vore eit annleis år også med tanke på gudstenester. F.o.m søndag 15.mars t.o.m. 17. mai hadde vi ikkje gudstenester eller tidebøner i kyrkjeromma grunna koronanedstenginga. Dette gjorde at ein god del av det som var planlagt av gudstenester ikkje vart gjennomført eller utsett. Samtalegudsteneste og konfirmantfest vart blant anna avlyst og konfirmasjonane utsett til september. I denne perioden hadde vi i staden publiseringar av tidebøner/minigudstenester/salmesong på nettsidene til kyrkjelydane i Jølster (kirken.no/jolster) og på facebookside (kyrkjene i Jolster). Kantor Rune Molvik sto for både musikk, filming og redigering. Prestane deltok med liturgi, song og tekstlesing. 17. mai vart det gjennomført drive-in gudsteneste på parkeringsplassen på Jølstraholmen.

Etter at det vart opna opp att, kunne vi i fyrste omgong berre vere 50 deltakarar på gudstenestene. Dette gjorde at vi ikkje kunne ha dåp i dei vanlege gudstenestene, og det vart halde ein god del eigne dåpsgudstenester frå slutten av mai, i juni og i byrjinga av juli.

Mykje av hausten har vi kunne samle opptil 200 personar i kyrkjene. I Ålhus kyrkje har størrelsen på kyrkja gjort at kapasiteten er meir avgrensa når ein skal ta omsyn til smittevern og avstand. Dette har gjort at vi ikkje har nytta Ålhus kyrkje til fullt så mange gudstenester som vi plar. Frå søndag 8. nov var makstalet igjen nede på 50 personar ved gudstenester, noko som gjorde at nokre justeringar måtte til i forhold til gudstenesteplanane for advent og jul.

Trass i eit uvanleg år har vi fått gjennomført mykje av det vi hadde planlagt i løpet av hausten, både av gudstenester og tidebøner. Soknerådsmedlemmene har stilt enda oftare opp som kyrkjeværtar ved gudstenester, slik at dei har vore to kvar gong. Dette har gjort at vi har kunna fylgje opp smittevernreglane på ei trygg og god måte. Konfirmantmedhjelparar har også vore til god hjelp her. Kyrkjekaffi har vi hatt i periodar, og då har det vore soknerådsmedlemmene som har stilt opp og sytt for at dette har vore gjort på ein forsvarleg måte med omsyn til smittevern.

Nattverdsgudstenester har det ikkje vore så mange av i løpet av dette året. Smittevern har gjort at det i periodar ikkje har vore tilrådd å feire nattverd.

Klokkarane har ei viktig oppgåve under gudstenesta. I Ålhus sokn er vi glade for å ha ei dyktig ungdomsklokkar, Amalie Birkeland. I tillegg er det og veldig verdifullt at vi har hatt personar som har stilt opp som klokkarar frivillig, nokre gonger når det har vore nødvendig. Her har både Marta Fimreite, Gerd Smaadal, Stina Kjos Sunde og Andreas Brandal Stensaker og konfirmantmedhjelparar bidrege.

I dåpsgudstenestene har fadrane delteke aktivt i gudstenestene, bl.a. med skriftlesing.

Jølster har også mange gode song- og musikk krefter som har bidrege ved fleire av gudstenestene (sjå kyrkjemusikalsk arbeid).

Utanom nedstenginga i vår og sommarferien, har det vore tidebøner kvar tysdag på Vassenden kyrkjesenter kl.11, med ein kort liturgi (gjerne bøner som vert lesne som

veksellesing og lesing frå Bibelen) salmesong og orgelmusikk. I haust tok ein blant anna for seg fillipparbrevet ved desse tidebønene. Etter tidebøna har vi hatt kaffi og prat.

Av gudstenester med spesielt inviterte eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- Familiegudstenester i samband med trusopplæringstiltak (sjå nedanfor under trusopplæring)
- Utegudsteneste ved Sandalen grendahus i juni.
- Støylsgudsteneste med Larstunsstøylen (fjelltrimpost) i August
- Gudsteneste med presentasjon av dei som skal konfirmerast i Ålhus kyrkje og jubileum for 50 års – konfirmantar i Ålhus kyrkje. Soknerådet arrangerte middag for 50 årskonfirmantane etter gudstenesta i prestegarden
- Gudsteneste i samband med Jazz på Jølst der Roald Kleiveland deltok på saxofon og David E. Antonsen deltok med song.
- Minnegudsteneste på Helgemesse der dei som har mista nokon sidan sist helgemesse er inviterte

Av gudstenester som grunna koronasituasjonen har vore gjennomført på ein annleis måte eller kome i tillegg til den opphavelige planen kan nemnast:

- Eigne dåpsgudstenester
- Digitale publiseringar i april og mai
- Drive- in gudsteneste 17. mai på Jølstraholmen
- Presentasjonsgudsteneste for dei som skal konfirmerast på Vassenden kyrkjesenter (desse vart ikkje presentert i Ålhus kyrkje i lag med dei andre grunna grense på kor mange som kunne samlast i Ålhus kyrkje)
- Lysmesse med Ålhuskonfirmanter på Vassenden kyrkjesenter 1.søndag i advent som vart filma og publisert på nettet.
- Det vart to skulegudstenester før jul grunna ein ikkje kunne samle heile skulen på ei gudsteneste med omsyn til avstand. Var ei gudsteneste for 1.-5 klasse og ei for 6.- 10. klasse.
- Veslejulafta var det opa kyrkje i Ålhus kyrkja med julesong og dukketeater ved 3. klassingar.
- På julafta vart det feira to julegudstenester på Vassenden kyrkjesenter i staden for den eine som vi normalt feirar. Det var påmelding til desse gudstenestene. Den fyrste gudstenesta der skulemusikken deltok, vart filma og redigert av Torje Bjellaas og delt på nettet frå 1. juledag.
- Romjulsgudsteneste vart feira i Ålhus kyrkje, som eit supplement til det øvrige tilbodet i jula.

Anna arbeid/ andre arrangement i regi av soknet

- «Langt vest i havet» - Forteljar Anne Kristin Aasmundtveit fortalde irske legender ilag med tonefylgje av gitarist Øyvind Lyslo i Ålhus kyrkje. Etter forteljarkvelden vart det songkveld med songar frå vest i prestegarden på Ålhus. Dette vart arrangert av soknerådet i lag med Jølster litterære folkeakademi.

- «Sjå i nåde til oss» litterært kveldssete planlagt i november i Ålhus kyrkje med forfattarane Olaus Nilsen og Laura Djupvik vart utsett grunna koronasituasjonen. Det er utsett til 29.mai 2021.
- Fasteaksjon i april vart gjennomført digitalt.
- Frå påske til pinse var ein påskevandring utstilt på Helgheim kyrkjegard med bibeltekster og kunstbilete. Denne utstillinga kjøpte dei to sokneråda i lag, kan i 2021 setjast opp i Ålhus sokn.
- Barn i Jølster vart før påske inviterte til å sende inn regnbogeteikningar for håp til kyrkja i Jølster.
- Utanom skulegudstenestene før jul, har 1. klasse ved Vassenden skule vore på kyrkjebesøk på Vassenden kyrkjesenter (i juni). Her lærde dei om kva ein finn i eit kyrkjerom og kva det brukast til. Påskevandringar for småskulen før påske vart det dessverre ikkje noko av grunna nedstenginga.
- Det vart inga fellessamling for alle barnehagane i soknet før jul grunna smittevern hensyn. Alle barnehagane fekk besøk av prest der dei fekk synge julesongar, høyre og sjå juleevangeliet med hjelp av handdøkk. Ålhus barnehage vandra også til Ålhus kyrkje og fekk synge til Jesusbarnet der.
- Det har vore to andakter/songstunder ved Vassenden omsorgssenter. Ei i samband med advent og ei rett før jul. Allsong, andakt, kaffi, kaker og prat. Bebuarane har uttrykt at dei ynskjer at slike samlingar skal halde fram.
- Nokre andakter og preiker har dette året blitt publisert på sunnfjordkyrkja.no og kirken.no/jolster, samt på facebooksidene til kyrkjelydane (kyrkjene i jolster). Fleire av prestane i kommunen har bidrege til dette.
- Verken kyrkjelydstur eller juletreffestar vart gjennomført dette året grunna korona.
- Ålhus sokn gjorde dette året avtale med Normisjon om misjonsprosjekt i India. Der støttar vi eit prosjekt som heiter «Steinknusernes rettigheter» som handlar om å betre levevilkår for fattige arbeidarar i Steinindustrien og demme opp for dei negative ringverknadane som steinindustrien har på naturen. Vi har hatt to ofringar til dette prosjektet. Avtalen går ut i 2024, då soknerådet vil gjere nytt vedtak om misjonsavtale.
- Ålhus sokn er Grøn kyrkjelyd
- Ålhus sokn har vennskapskyrkjelyd i Krizlice i Tsjekkia

Arrangement i regi av andre

- Fleire konsertar av ulike kor og orkester

TRUSOPPLÆRING/ BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kontinuerleg arbeid

Torsdagsklubben på Vassenden kyrkjesenter er ein sundagsskule på kvardag for born som er 4 år og oppover. På torsdagsklubb annakvar torsdag er det bibelforteljing og song, hobbyaktivitet, leik og kveldsmat. Grunna korona har det dette året ikkje vore så mange samlingar. Det har vore 10 samlingar med ei snittdeltaking på 17 born. Marta Fimreite, Ingeborg Slåtten, Silje Sørebo og konfirmantar har vore leiarar for dette. I periodar der det ikkje har vore klubb, har søndagsskuleblad vore delt ut i postkassene.

Barnesong i Ålhus kyrkje vart arrangert nokre måndagar før nedstenginga i mars. Ca 10 barn var med. Ellen Svidal og Silje Sørebo leia dette og Inger Lind Aasen spelte piano til. I haust vart ikkje tiltaket starta opp att.

Tidsavgrensa tiltak

Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eit trusopplæringstilbod. Diverre har ikkje alt blitt gjennomført grunna korona.

Prestane gjennomførte dåpssamtalar med alle dåpsforeldre.

Alle døypte får dåpslys, dåpsplakat og dåpsforeldra får ei dåpsbok som heiter Arvegull. I kyrkja har vi fått eit dåpstre, der vi heng opp ei lita tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna og dua vil seinare bli gjeve tilbake til barnet.

For føresette med babyar har det vore babysong på Vassenden kyrkjesenter annakvar torsdag. Soknepresten har leia samlingane, medan Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat. Grunna korona har ein del samlingar blitt avlyst, men det har vore gjennomført ca.10 samlingar. Dette tilbodet er felles for heile Jølster. Det har ikkje vore så mange babyar i Jølster denne hausten og oppmøte har ikkje vore så stort som året før (i snitt ca 4-5 babyar med mødre)

2 og 3 –åringar frå heile Jølster vart invitert til «Trygg til natta»-gudsteneste på Vassenden kyrkjesenter i mars. Samlinga vart utsett til november grunna nedstenginga, men koronasituasjonen gjorde også at ein del av dei som hadde tenkt å komme då meldte avbod. Det var fokus på kveldsbøner og kveldssongar, og barna fekk utdelt dåpsduene med dåpsdato på og plakat med «Eg faldar mine hender små».

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Ålhus var laurdagssamling på Vassenden kyrkjesenter og gudsteneste med bokutdeling på sundagen. På sundagen møtte alle dei døypte fireåringane i soknet.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest i Ålhus kyrkje der dei fekk utdelt matboksar med «o du som metter liten fugl» og plakat med ulike bordbøner. Grunna korona vart det ikkje grilling og aktivitet ved Kransen 4H i prestegarden etter gudstenesta, men vi hadde loddtrekning av grønsaker til inntekt for misjonsprosjektet og natursti rundt på kyrkjegarden etter gudstenesta. Det var stort oppmøte av

5 åringer frå Helgheim sokn på denne gudstenesta og ikkje fullt så mange frå Ålhus sokn.

Samlingane for 6-åringar og gudstenestene med bokutdeling hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Ålhus sokn var det ei onsdagssamling på Vassenden kyrkjesenter, før 6-åringane fekk utdelt boka i familiegudstenesta 1. søndag i advent på Vassenden kyrkjesenter. 6-åringane deltok med song og utvida inngangsprosesjon i gudstenesta.

6- og 7-åringane fekk i år ikkje innbyding til noko juletreffest grunna korona.

Påskesamlingar for 8-åringar har Helgheim og Ålhus kvar for seg, med felles familiegudsteneste med utdeling av barnesalmebok palmesundag i Helgheim kyrkje. Også i år vart barna invitert til ei samling etter skuletid på Vassenden kyrkjesenter og felles gudsteneste, men vi måtte avlyse grunna restriksjonane.

Tårnagenthelga for alle 9-åringar i Jølster er stasjonert i Helgheim kyrkje. Tårnet, kyrkjeklokkene og kyrkja sin bursdag er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og sundag. Diverre var det grunna smittesituasjonen i år ikkje mogleg å invitere. Planlagt å invitere 9 åringer og 10 åringer i 2021 om situasjonen endrar seg.

Kode B: 10-åringane vart invitert til tre kvardagssamlingar på Vassenden kyrkjesenter og utdeling av «Det nye testamentet. Friluftsgåve» i familiegudsteneste i Ålhus kyrkje. Den andre samlinga måtte diverre avlysast, i staden for fekk barna eit brev i posten med forskjellige oppgåver og ei lita konkurranse.

Alle 10- og 11-åringar frå heile Jølster vart invitert til Lys Vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter. Planen var å overnatte frå laurdag til sundag, og borna skulle delta på gudstenesta på sundag i lag med føresette. Også dette tiltaket måtte avlysast på kort varsel grunna koronasituasjonen.

Oppslutnaden om konfirmasjon er framleis høg. Konfirmantopplegget for kullet som skulle konfirmerast i 2020 vart diverre noko amputert grunna korona.

Konfirmantleiren på Alværa misjonssenter vart avlyst. Det vart også samtalegudsteneste og konfirmantfest og konfirmasjonane vart utsett til september. Konfirmantprest Carsten Langeland gjennomførte i staden ein til ein samtalar med kvar enkelt konfirmant.

I mai og juni gjennomførte Carsten enkeltsamtalar med nye konfirmantar og føresette. I august, veka før skulen, vart det, som i dei to tidlige åra, arrangert introkurs for nye konfirmantar. Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagtid gjennom fire dagar. Dei var både på Vassenden kyrkjesenter, Skei misjonshus, Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilgrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje. Nattcup i oktober vart avlyst, men konfirmantane har hatt tre klubbkveldar utover hausten. Elles har konfirmantane vore medhjelparar ved gudstenester og torsdagsklubb. I adventstida hadde konfirmantane i Ålhus sokn lysmesse som vart filma og publisert på nettet, medan konfirmantane i Helgheim sokn deltok på lysmesse utanfor Helgheim kyrkje i lag med speidarane. Føresette hjelper også ved dette kullet til med servering av mat ved samlingar. No denne våren 2021 ventar m. a. konfirmantleir på Alværa, men det står att å sjå kva som kan gjennomførast i desse tider.

Dei som vart konfirmerte i september vart i haust inviterte til ei samling ved Førde kyrkjetun. Her fekk dei tilbodet om å vere med vidare i kyrkjelydsarbeidet som

hjelpeleiarar eller gudstenestemedhjelparar. Fem ungdommar frå Ålhus sokn møtte på dette.

Trusopplæringsutvalet, trusopplærar, soknerådsmedlemmer, prestar, kantor, føresette, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet.

Utval

Trusopplæringsutval frå Ålhus sokn: Mari Stubhaug Håland, Reidun Gravdal Nedrebø, Rune Molvik, Silje Sørebo, Ute Lindner.

Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Aud Anny Tveit Solheimsnes

Kyrkjemusikalsk arbeid

I Korona-året 2020 vart det meste av planar lagt på is. Det har likevel vore gjort noko ekstra av det musikalske i nokre av samlingane i kyrkjelyden. Det kan nemnast at i høve stengde kyrkjer i påska, vart det laga videoandakter som folk kunne sjå på internett. Dette vart såleis noko nytt, og der salmar og kyrkjemusikk vart løfta fram på ein ny måte, og som ikkje har vore gjort før i vår samanheng. Til konfirmasjonen i september var lokale krefter med å sette festpreg på samlingane. I desember var det fleire konsertar i kyrkjene, med tilreisande og lokale aktørar. Den tradisjonelle julekonserten i Helgheim kyrkje vart avlyst.

Dette året skulle sokneråda i samarbeid med prest og kantor velje ny liturgisk musikk til bruk i gudstenesta. Ein kunne velje frå tre ulike seriar. I arbeidet med dette vart det laga til songkveldar, der folk vart oppmoda til å møte opp for å smake på dei nye melodiane. Det skulle takast stilling til val av nye tonar til: *Kyrie, Gloria, Heilag*, (Sanctus) og *Du Guds Lam* (Agnus Dei) Songkveldane var lagt opp slik at folk fekk høyre og prøvesmake dette nye. Det vart gjeve høve til å kome med tilbakemelding på dei nye melodiane, såleis vart dette ein prosess der mange fekk vere med å peike ut kva som ein skulle velje.

Vi enda opp med serie nr 2 (Allmenn serie) som inneheld melodiar laga av nolevande komponistar (Mari Tesdal Hinze, Magnus Beite, Torbjørn Dyrud og Tore W. Aas) – komponert i perioden 2011-2018. Vi held oss såleis i eit nyare, notidig musikkuttrykk. I prosessen med val av ny liturgisk musikk, var det ei målsetting å få mest mogleg lik musikk i gudstenestene i heile det nye fellesrådsområdet i Sunnfjord. Dei nye melodiane vart prøvd ut i fleire gudstenester hausten 2020, og tilbakemeldingane frå kyrkjelyden er at dei nye melodiane er gode å synge. Frå januar 2021 vert dei nye melodiane brukt fast i alle gudstenester i soknet. Sokneråda vedtok også at Vår Far (Fader Vår) skal syngast i gudstenesta, dette har også vore gjort i dei fleste gudstenester hausten 2020.

Det har vore fleire songkveldar på Vassenden kyrkjesenter. Kantor Rune og bibelgruppa samarbeider om opplegget. Mange set pris på denne samkoma i kyrkjerommet og med kveldsmat etterpå.

Vi er heldige og ikkje minst takksame som har personar i soknet som er viljuge til å hjelpe til med instrument og som forsongarar i gudstenestene.

Anne Turid Taklo, Are Mangersnes og Ingunn Støfring har hjulpet til med blåseinstrument både på konfirmasjonsgudstenestene, julegudstenesta og andre gudstenester. Vassenden skulemusikk v/Gunnar Smaadal hjulpet til på ei av

julegudstenestene. Sokneråda har delegert ansvaret til kontor og sokneprest om å seie ja og nei til førespurnad om konsert i dei ulike kyrkjene i Jølster.

Informasjonsarbeid

I vår vart diverre «Det skjer» i Firda nedlagt. Dette har vore ein viktig kanal for å nå ut med det tilbodet som vi har i kyrkja. Heldigvis fekk prostten ilag med kyrkjevevja til ein avtale med Firda i haust, om at avisa tek inn ei gudstenesteliste kvar helg mot ei symbolsk betaling. Her får vi berre inn gudstenestestad og tidspunkt og ikkje noko meir om kva gudstenesta inneheld og heller ikkje anna aktivitet i kyrkjene. Dette gjer at vi må bruke andre kanalar for å nå ut til folk med kva som skjer i kyrkjene enda meir aktivt. Hyrdingrøysta vil framleis vere ein viktig kanal, i lag med plakatar, nettsida og facebookside. Sekretær Torill sørgjer for at nettsida (kirken.no/jolster) og facebookside (kyrkjene i jolster) stadig er oppdatert om kommande arrangement, men det er også viktig at soknerådsmedlemmer og andre i kyrkjelydane er med å gjere arrangementa kjent og dele på facebook.

Hyrdingrøysta

Redaksjon: Hallstein Dvergsdal, Hildegunn Huus og Bjørg Dvergsdal

Soknerådet vil takke alle tre for godt utført arbeid. Dei gjer ein kjempejobb med å tenkje ut stoff, få viljuge personar til både å skrive og delta med ulike innslag.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd har teke over å føre rekneskapen til Hyrdingrøysta.

Økonomien i bladet er bra. Framleis er det få i høve til kor mange som får bladet, som betalar friviljug kontingent . Det har vore til god hjelp at mange har vore viljuge til å køyre rundt i grendene og leggje bladet i postkassane. Har på den måten spart utgifter til porto. Dette tiltaket er med å sikra økonomien til bladet. Tusen takk til dykk for denne viktige dugnaden.

Vassenden kyrkjesenter

Huset er svært praktisk både for barn, ungdom og vaksne til dei ulike aktivitetane i kyrkjelyden. Og er såleis ein viktig møteplass i soknet.

Det vart lagt ned mykje arbeid i førebuing til å gå frå stifting til foreining.

Stiftelsetilsynet godkjende framlagde papir om å gå frå stifting til foreining, men i skrivande stund, januar 2021, har det kome melding frå Brønnøysundregisteret at dei ikkje godkjenner Foreining Vassenden kyrkje.

Statistikk

Ålhus sokn	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Innmelde i kyrkja	0	1	1	0	2	0
Utmelde av kyrkja	2	6	4	2	18	6
Døyppte	9	20	14	18	13	15
Døyppte heimehøyrande i soknet	8	11	10	16	10	8
Vigde	2	2	4	3	5	1
Gravlagde	9	9	14	12	15	14
Konfirmerte	29	22	23	16	22	27
Tal gudstenester søn- og helgedagar	28	33	30	30	31	30
Tal gudstenester utanom søn-og helgedagar *	42					
Deltakarar på gudstenester	2221	3545	2702	2498	2490	2604
Gudstenester med nattverd	8	20	16	17	24	20
Nattverdsgjester	242	509	340	380	505	369
Familiegudstenester	5	7	6	4	7	3
Deltakarar	285	610	528	443	690	320
Julevandring for barnehagane	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	50	50	50	75	72	70
Skulegudsteneste	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	300	320	300	330	250	300
Musikkgudstenester	6	5	6	3		
Deltakarar	280	256	180	130		
Soknebod		1			1	
Offer / kollekt i kyrkja	31368	83827	70558	78824	79507	85609

*Vi har tidebøner i kyrkja stort sett kvar veke, derfor vert antall gudstenester utanom søn-og helgedagar høgt.

Vi har hatt mange digitale sendinger av både gudstenester, tidebøner og salmesang på nettet, men sidan dette ikkje har vore strømmen, men opptak, fører vi det ikkje underkoronatiltak der det berre blir spurt etter det som er strømmen. Det finnst difor ikkje noko punkt i statistikken som dette kan førest under.

Bygg og Anlegg

Helge Årdal har hovudansvar for slått og stell av kyrkjegardane, med seg han har han hatt dyktige sommarhjelparar.

Han har og utført mykje godt ryddearbeid rundt kyrkja og på kyrkjegardane.

Kjekt å sjå velstelte kyrkjegardar. Det vert lagt merke til og vi får mange positive tilbakemeldingar.

Tilsette

Grunna kommunesamanslåinga vart Ålhus og Helgheim sokn frå 1. januar 2020 ein del av Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Dette har ført til at mange av dei fellesrådstilsette har fått endringar i arbeidsoppgåvene sine og må i større grad ta oppdrag i heile den nye kommunen. Her merkar vi at det framleis ikkje er så lenge sidan samanslåinga og at ein del arbeid med å forme den nye organisasjonen, og det står att å lage stillingsinstruksar.

Tilsette:

Silje Sørebo	Sokneprest (i 50% fram til september 2020, deretter i full stilling)
Carsten Langeland	Prest med hovudansvar for konfirmantar (vikar for Silje i 50% fram til sommaren 2020, og i ca 25% hausten 2020)
Inger Hageberg Øvrebø	Kyrkjeverje
Helge Årdal	Driftsjef/kyrkjetenar 80%
Rune Molvik	Kantor 70%
Ute Lindner	Trusopplæringsleiar/kateket 40 %
Toril Øye	Sekretær 40%
Aman Beyene	Kyrkjjetenar 35%
Amalie Birkeland	Timebasis

Rekneskap 2020

Rekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk/overskot på kr 63.986,05, og soknerådet har vedteke å overføra dette til soknerådet sitt fond.

Rekneskapen for Hyrdingrøysta vert ført som ein del av Ålhus sokn sin rekneskap, men likevel slik at soknerådet ikkje vert godskrive overskot eller belasta for underskot. Bladet har eit eige fond som årsresultatet vert avrekna mot.

Det er nokre avvik mellom rekneskap og budsjett. På inntektssida er det totalt sett ikkje særleg avvik, men om ein ser på detaljane er det ein del avvik når det gjeld konfirmantavgift og bladpengar/annonseinntekter. Konfirmantavgiftene er større enn

budsjettert fordi det er fakturert og innbetalt konfirmantavgift for to konfirmantkull dette året. Både bladpengar og annonseinntekter til Hyrdingrøysta er noko mindre enn budsjettert. På utgiftssida er det mindre avvik på fleire postar, til dels på grunn av at det er aktivitetar som ikkje har blitt gjennomført.



Regnskapsskjema - Drift

9 Ålhus sokn - 2020

16.02.2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
Inntekter			
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	170.323,50	176.500,00	176.500,00
Salg av driftsmidler/fast eiendom	0,00	0,00	0,00
Refusjoner/overføringer	17.350,00	9.500,00	9.500,00
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00
Statlige tilskudd	0,00	0,00	0,00
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	0,00	0,00	0,00
Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	0,00	0,00	0,00
Andre tilskudd, gaver, innsamlende midler	51.187,70	51.000,00	51.000,00
Sum driftsinntekter	238.861,20	237.000,00	237.000,00
Utgifter			
Lønn og sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tjenester	126.663,40	131.000,00	131.000,00
Refusjoner/overføringer	40.039,00	46.000,00	46.000,00
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00
Tilskudd og gaver	21.122,75	25.000,00	25.000,00
Sum driftsutgifter:	187.825,15	202.000,00	202.000,00
Brutto driftsresultat:	51.036,05	35.000,00	35.000,00
Renteinntekter og utbytte	2.079,00	1.000,00	1.000,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter og låneomkostn.	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00
Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	0,00	0,00
Netto finansinntekter/-utgifter	2.079,00	1.000,00	1.000,00
Avskrivninger	0,00	0,00	0,00
Motpost avskrivninger	0,00	0,00	0,00
Netto driftsresultat	53.115,05	36.000,00	36.000,00
Interne finansieringstransaksjoner:			
Bruk av utdisponert fra tidl. år (overskudd)	2.976,97	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	16.171,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	19.147,97	0,00	0,00
Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	8.276,97	5.000,00	5.000,00
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	8.276,97	5.000,00	5.000,00
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKUDD)	63.986,05	31.000,00	31.000,00
REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK (UNDERSKUDD)	0,00	0,00	0,00

Førde, 16.02.2021
Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal

Terje Guddal

Soknerådet hadde desse fonda pr. 31.12.2020:

Fond Ålhus sokn	147.731
Fond Hyrdingrøysta	82.745



Regnskapsskjema - BALANSE

9 Ålhus sokn - 2020

16.02.2021

Regnskap 2020

Regnskap 2019

EIENDELER:

Anleggsmidler

Faste eiendommer og anlegg	0,00	0,00
Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00

Omløpsmidler

Kortsiktige fordringer	95.270,02	12.540,02
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	235.818,38	243.317,28
SUM EIENDELER:	331.088,40	255.857,30

EGENKAPITAL OG GJELD:

Egenkapital

Disposisjonsfond	0,00	0,00
Bundne driftsfond	230.476,30	238.370,33
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk (Udisp. overskudd)	63.986,05	2.976,97
Regnskapsmessig merforbruk (Uinndekket underskudd)	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskapet	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	0,00	0,00

Gjeld

Langsiktig gjeld

Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00

Kortsiktig gjeld

Kassekredittlån	0,00	0,00
Annent kortsiktig gjeld	36.626,05	14.510,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	331.088,40	255.857,30

Memoriakonti

Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Førde, 16.02.2021
Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal

SLUTTORD

Gudstenestene er det sentrale arbeidet i kyrkjelyden. Vi set pris på frammøte i kyrkja, både dei som kjem ofte til gudsteneste og dei som kjem sjeldnare.

Tek med nokre utfordringar biskopen gav oss som er aktuelle utfordringar kvart år.

- Gå til gudsteneste regelmessig, fordi det er der de høyrer til, fordi de treng å høyra evangeliet sagt til dykk, og for å gje Gud ære!
- Styrk og hald oppe det trusopplæringsarbeidet de no har.
- Forkynn fram gjevargleda!

Ålhus sokneråd vil takke alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned eit stort frivillig arbeid. Ei stor takk og til dei som har gitt pengegåver til kyrkjelege formål.

For Ålhus sokneråd
Marta Fimreite